

### Vedlegg 3

Gjennomgang av innkomne merknadar til oppstartmeldinga for Stad marine verneområde, med Statsforvaltaren i Vestland sine kommentarar

Hoddevik Velforening (v/ leiar Terje Hoddevik) skriv at dei støtter eit vern av Hoddevika og dei grunne områda rundt Stad. Gjennom mange år har han erfart at taretråling påverker sjøbotnen, slik at storm og stor sjø ikkje bremsar opp i tareskogen og at vær og sjø øydelegg kaianlegg. Vern mot taretråling vil være positivt for hummar og sjøfugl, skriv han, og ønskjer å delta på møte for å støtte opp under verneprosessen vidare.

For *Statsforvaltaren* si vurdering sjå vår kommentar til fråsegn frå Dupont og etter fråsegn frå Selje kommune. Vi vil også halde alle som har komme med innspel informert om møtepunkt for å sikre vidare deltaking.

La point Surf Camps v/ Gøran Sivertsson spør om eit framtidig marint vern vil påverke grunneigarar og næringsutøvarar i Hoddevik som lever av surfing.

*Statsforvaltaren* understrekar at surfing kan halde fram ved marint vern i området. Det er også opna for å kunne gje dispensasjon frå forskrifta for tilretteleggingstiltak for friluftsliv.

Opplysningsvesenets fond har ingen merknader, men ber om å bli orientert om det vidare arbeidet.

*Statsforvaltaren*: Opplysningsvesenets fond vil stå på høyringslista.

Sjøfartsdirektoratet har ingen konkrete merknadar til oppstartsmeldinga, men vil påpeike at Kystverket bør uttale seg om skipsleder som går gjennom området.

Kystverket peiker på at det er fleire aktive fiskerihamner innanfor det føreslegne verneområdet som i Ervik, Honningsvågen og Eltvik fiskerihamn. Det vil her kunne vere behov for vedlikehaldsmudring og utbetring av infrastruktur i hamna, og dei ber om at verneføremålet og føresegner ikkje kjem i konflikt med naudsynt vedlikehald. Dei har ingen vidare merknadar til oppstarten av vernearbeidet.

*Statsforvaltaren* vil ta omsyn til behovet for vedlikehald og utbetring av infrastruktur i hamner slik at dette ikkje kjem i konflikt med marint vern. Vi har difor trekt vernegrensa utanfor fiskerihamnene i Ervik, Honningsvågen og Eltvik. Ved behov for å vedlikehalde leia til dømes inn til Honningsvågen, vil forvaltningsmyndet kunne handsame ein

dispensasjonssøknad etter § 5 g om vedlikehaldsmudring, når vilkåra for dispensasjon er til stades. Sjå høringsdokumentet for meir om vedlikehaldsmudring.

Statens kartverk føresett at karta til verneområda vert laget i samsvar med normalen for verneområde og gjort tilgjengelege gjennom nettportalen geonorge.no. Kartverket påpeiker at Språkrådet ved Stadnamntenesta på Vestlandet må få høve til å uttale seg, og at dei ikkje er på adresselista for oppstartsmeldinga.

*Statsforvaltaren* viser til at Språkrådet og Stadnamntenesta vil stå på høringslista.

Nordfjord Fiskarlag er positive til det omsøkte verneområdet ved Stad fordi det er unntak for passive og aktive fiskereiskap. Nordfjord Fiskarlag ynskjer at området blir utvida mot syd til Libberen/Drage i Selje kommune.

*Statsforvaltaren* har utvida området slik som Nordfjord Fiskarlag har innspel om. Sjå også vår vurdering etter fråsegnet frå Dupont og etter fråsegn frå Selje kommune. Det vil framleis være lov å nytte aktivt fiskereiskap som snurrevad, men ikkje andre aktive fiskereiskap som slepast og røyrer botn fordi det kan skade korallar og anna sårbart biologisk mangfold på sjøbotn. Vi vil ha innspel frå fiskarlaget i høyringa om omfanget av reketråling i området og om kva konsekvensar eit forbod mot aktive fiskereiskap anna enn snurrevad kan ha på næringsaktiviteten.

Sogn og Fjordane Fiskarlag er også positive til det føreslegne verneområdet ved Stad då det er unntak for passive og aktive fiskereiskap, samt snurrevad og reketråling. Dei viser til innspelet frå Nordfjord Fiskarlag om at området på Stad blir utvida mot syd til Libberen/Drage i Selje kommune.

*Statsforvaltaren* har utvida området slik som Sogn og Fjordane Fiskarlag har innspel om. Sjå også vår vurdering etter fråsegnet frå Dupont og etter fråsegn frå Selje kommune. For aktive fiskereiskap, sjå vår vurdering og invitasjon til innspel, i kommentaren til Nordfjord fiskarlag.

Direktoratet for mineralutvikling (DFM) har ikkje innvendingar til oppstartsmeldinga fordi det er ikkje registrert regionale eller nasjonalt viktige mineralressursar i direkte tilknyting til det føreslegne verneområdet. På Stad er det uttak i drift som ligg nært inntil grensa. Om det vært funne førekomstar av mineralske ressursar i verneområdet, kan eventuelt uttak bli vurdert konkret i kvart enkelt tilfelle ut i frå den generelle dispensasjonsføresegne i naturmangfaldlova § 48.

*Statsforvaltaren* viser til DFM si forståing av at uttak av mineralressursar må bli vurdert etter § 48 i naturmangfaldlova, der forvaltningsstyresmakta kan gje

dispensasjon til tiltak som ikkje er i strid med verneføremålet eller kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Bergen sjøfartsmuseum skriv at dei kjenner til marine kulturminne innanfor planlagd verneområde på Stad. Dei er positive til marine verneområde og dei effektane dette vil ha på dei marine natur- og kulturmiljø i områda. Det kan være aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i områda i samband med planarbeid eller tiltak i framtida.

*Statsforvaltaren* ser positivt på at Bergen sjøfartsmuseum vil følgje opp i framtida.

Sogn og Fjordane fylkeskommune tek varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande og vil kome attende med nærmere innspel knytt til deira ansvarsområde når utkast til verneplan kjem på høyring. Fylkesutvalet er uroa over konsekvensane vern kan ha for utbygging av viktig infrastruktur og for næringslivet i desse områda. Dei ønskjer ei grundig konsekvensutgreiing og omsyn til utviklingsplanane som kommunen har i desse områda no og i framtida.

*Statsforvaltaren* kan så langt ikkje sjå er det ikkje er store konfliktar med marint vern kring Stad, med unntak for taretråling. Planområdet for marint vern er ikkje så stort at det utløyser krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Vi vil så langt det er mogleg ta omsyn til moglege konsekvensar for infrastruktur og næringsliv i området.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje vesentlege merknader til at prosess vert sett i gang. Område Stad grensar til sjøareal i Vanylven kommune og dei ber om at merknader derifrå vert tekne omsyn til.

*Statsforvaltaren* vil orientere Møre og Romsdal fylkeskommune og Vanylven kommune om verneprosessen vidare (står på høyringslista).

Norges vassdrags- og energidirektorat NVE ser ikkje at oppretting av Stad marine verneområde er i konflikt med kjente vasskraftressursar. Det er gitt konsesjon for eit testanlegg for flytande havwind i området som er gyldig frem til 01.01.2025, noko som også vil ha behov for sjøkabel for tilknyting. Denne må bli teke omsyn til under utarbeidning av verneforskrifta.

*Statsforvaltaren* merkar seg at sjølve testområdet ligg utanfor framlegget til vernegrense, slik at innspelet gjeld sjøkabel for tilknyting. Innspelet frå NVE er innarbeidd i verneforskrifta med ein dispensasjonsheimel etter søknad, for legging av kablar. Om mogeleg skal disse leggjast i korridorar (§ 5 c). Vi ser også at oppstartsfristen for

testanleggset gjekk ut den 01.01.2020, og at føresetnadane for gjennomføring mest sannsynleg ikkje lengre er gyldige.

Grunneigarar langs området Fureneset – Liset (underteikna av i alt 23 personar) er skuffa over at oppstatsmeldinga ikkje tok omsyn til den svært utsette strekninga Fureneset —Liset, fordi området ikkje vart inkludert i verneutkastet. Dei skriv at det, på denne strekninga, har vore ei dokumenterbar auke i materielle skadar på dyrka mark, veg, bygningar, og andre kulturminne nær strandsona, og at når den bølgjedempande tareskogen er borte, går havbåra langt oppover land og gjer skade på land. Dei ber om at sjøstrekninga Fureneset - Liset vert teke med i planlagt verneområde. Dette av omsyn til beredskap og tryggleik, vern av utvalt kulturlandskap (UKL), omsyn til nyleg oppdaga helleristingar, klyngetunet på Indre Fure, til den historiske naustrekka ved moloen på Drage, eit historisk naust i Jøtten (Ytre Fure) og bygningar i Køyla (mellan Indre og Ytre Fure).

*Statsforvaltaren* har utvida området slik som dei 23 grunneigarane har gitt innspel om. Sjå også vår vurdering etter fråsegnet frå Dupont og etter fråsegn frå Selje kommune.

Magnus Fure skriv at han ser med undring at vernesona på sørsida av Stad stoppar på vestsida av Fureneset. Han erfarar ei merkbar endring av sjøen som bryt mot land i storm og styggever etter at taretrålinga starta. Kvart år må han lempe stein som sjøen har slengt opp på marka, nedatt i fjøra. Om det er nokon stad på Stadlandet ein treng vernesone så er det frå Fureneset og inn til Liberra (til og med Drage). Han håpar at verneområdet kan bli utvida.

*Statsforvaltaren* har utvida området slik som Magnus Fure har gitt innspel om. Sjå også vår vurdering etter fråsegnet frå Dupont og etter fråsegn frå Selje kommune.

Olav Ervik skriv at ei mogelegheit for utbetring av hamna i Ervik bør inn i verneplanen. Havna er for lita for bygdefolkets bruk, samt at ein treng ein bølgebrytar på skrå utanfor moloen slik at sjøen mister kraft før den når inn i hamna. Føremålet med ein bølgebrytar vil vere å beskytte hamna og nausta. Då Dagmar var på besøk, vart fem naust teke av sjøen. Båtar som stod i nausta, gjekk også tapt. Han skriv at ei utviding av hamna også er viktig for å auke busettinga i Ervik. Han ber om at bølgebrytar blir teke med inn i verneplanen slik dei ikkje må søkje dispensasjon etter at planen er ferdig.

*Statsforvaltaren* tek innspelet frå Ervik til vitande og vil gjere ein konkret vurdering av tiltakets karakter og omfang når ein søknad om dispensasjon er klar. Statsforvaltaren syner til § 5 j om at forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon til bølgjedemparar og moloar i samband med småbåtanlegg. Hamna i Ervik er ei av fiskerihamnene til

Kystverket, og vi har i verneprosessen trekt vernegrensa utanfor hamna av omsyn til den pågående aktiviteten. Vi deltek elles gjerne på synfaring og dialog undervegs i slike prosessar for å finne gode løysingar.

Dupont (tidlegare FMC Biopolymer/Pronova/Protan, omtalt som Dupont i høyringsdokumentet) skriv at verksemda med samarbeidspartnarar har hausta stortare i over 50 år mellom anna i Sogn og Fjordane. Råvaresituasjonen ved prosessanlegget har i dei seinare åra vore pressa, mellom anna grunna nye vernereglar. Ein kvar ytterlegare utestenging frå eksisterande haustingsområde vil gje dei negativ effekt på drifta. Den set pris på at Statsforvaltaren tek omsyn til råvaresituasjonen ved å opne opp for hausting aust for Stålet.

Verksemda erfarer at grindtrålen som blir nytta i haustinga av stortare, har minimal, eller ingen, slitasjeeffekt eller skadar havbotn. Den meiner vidare at det er ikkje funne negative effektar av tarehausting på fisk og krabber. Fordi det ikkje er grunnlag for påstanden om øydeleggingar grunna tråleaktivitet meiner den at det heller ikkje er fagleg grunnlag for utestenging av kommersiell tarehausting i dei aktuelle områda. Den nemner også eksempel på område i nærleiken, som til dømes Sildekruna eller Einevarden naturreservat (verna i 1993), som vil kunne fungere som referanseområde, slik at det ikkje bør være behov for dette rundt Stad. Dupont meiner marine verneområde kan bli oppretta samstundes som det er lov med taretråling og deltek gjerne i verneprosessen vidare.

*Statsforvaltaren* ser at det er motsetningar mellom fiskeinteressene og taretrålingsinteressene. Samstundes har det har komme klare ønske og krav frå lokalsamfunnet på Stad, samt frå kommunen om å avgrense taretråling på sørsida av Stad fordi dei meiner det skjer erosjon og skade på anlegg i strandsona grunna taretrålinga. I utgangspunktet er taretråling ikkje tillate i marine verneområde fordi påverknaden på økosystemet er stor. Vi vil inkludere området på sørsida av Stad i framlegget til marint vern, og opnar heller for eit mildare vern for tareshogen aust for Stålet. Både på sørsida av Stad og på nordsida aust for Stålet er det stortareområde av svært stor verdi, og med ei slik løysing får ein også eit godt grunnlag for over tid å sjå og vurdere verknaden som taretråling har på stortareskog samanlikna med tareshogen utan kommersiell hausting.

Fiskeridirektoratet går sterkt i mot Fiskarlaget sitt forslag om å utvide planområdegrensene til og å gjelde heile taretrålingsfeltet til Libbera. Utifrå hauste-/biomassedata ser det på desse to felta som veldig viktige for tarenæreringa. Det understrekar at tarenæreringa, med framlegget som ligg føre for marint vern, vil miste hove til å hauste tare på store delar av vestsida av Stålet. Direktoratet er uroa for at konsekvensen av å stenge for store områder i samband med marint vern ved Stad kan føre til eit større press på andre tarehaustingsfelt langs kysten, og meiner at det ikkje

er kome forskingsresultat som seier at tarehausting påverkar fiskeria negativt i stor grad.

For Fiskeridirektoratet er det viktig at tarehaustingsfelta som har størst nytte for tarenæringa framleis er opne for taretråling, og foreslår difor at forbodet mot taretråling innafor verneområdet vert avgrensa til eit område frå Furestaven til Kjerringa (Dekkjene naturreservat). Alternativt foreslår det at heile verneområdet Stad innskrenkast til berre å gjelde område frå Furestaven til Kjerringa (Dekkjene Naturvernombordet). Deet skriv at det er fiske med snurrevad i vikene ved Stadlandet. Det er viktig at dette fisket kan fortsette uhindra av verneframlegget.

*Statsforvaltaren* viser til kommentaren til Dupont si uttale. Fiske med snurrevad vil framleis kunne skje i eit marint verneområde kring Stad.

Selje kommune var positive til oppretting av Stad marine verneområde. Kommunen skriv at havområdet utanfor Stad-halvøya er eit unikt og vêrhardt område som er unikt i nasjonalt og internasjonalt samanheng. Derfor var Selje kommune positive til oppstart av marint verneområde for Stad. Selje kommune påpeiker at eit marint verneområde bør utvidast til å gjelde havområdet frå Ytre Fure til og med Drage på sørsida av Stadhalvøya. Den vil også understreke at forvaltning av eit eventuelt verneområde ikkje må føre til forbod med tradisjonell fiskeri i område som krabbefiske, garn og snurrevad.

Eit marint verneområde vil ved endeleg vedtak om vern vere eitt av fleire område i Selje kommune som har ein spesiell vernestatus. På land er det også utvalte kulturlandskap (UKL). Selje kommune ber om at forvaltninga av desse områda vert samkjørt og dialog vert oppretta med Selje kommune om å få til ei god forvaltning av områda med spesiell vernestatus.

*Statsforvaltaren* har innhenta meir kunnskap og halde møte og synfaring for betre vurdere om området på sørsida av Stad skal vere med i framlegget. Vi er kome fram til at det vil vere rett å ta denne utvidinga i høyningsframlegget i tråd med Selje kommune sitt innspel om avgrensing. Tradisjonelt fiske som ikkje påverkar havbotn kan halde fram. Statsforvaltaren er samd med Selje kommune om å få til ei god forvaltning i området, og det er då naudsynt med eit godt samarbeid med kommunen. Samanhengen mellom marint vern og vern på land er positivt. Ein forvaltningsplan med innspel og dialog for å sjå heilskaplege løysingar kan være ei god framgangsmåte å ta utgangspunkt i.